



KJØREREGLAR FOR RUSMIDDELBRUK OG SPELEPROBLEM

Innleiing

Kjøreregler for rusmiddelbruk og speleproblem omhandlar Skjåk kommune si haldning til rusmiddelbruk og spel. Hensikt med kjørereglane er å skape tryggleik og føreseielege vilkår for leiarar og tilsette, fremje eit godt arbeidsmiljø og ivareta Skjåk kommune sitt omdømme.

Kjøreregler, handsama i AMU etter felles diskusjon mellom leiing, tillitsvalde og verneombod

1. Skjåk kommune er ein rusfri arbeidsplass. Ingen skal vere påverka av rusmidlar på arbeid. (Som rusmiddel reknar vi alkohol og ulovlege rusmiddel. Ved misbruk av vanedannande medikament gjeld same regel.)
2. Sosiale arrangement i Skjåk kommune sin regi, også utanfor arbeidstid, skal vere inkluderande for alle. Når alkohol vert servert skal det alltid vere eit alkoholfritt alternativ.
3. Bruk av pengespel og dataspel, eller bruk av sosiale media, skal ikkje påverke utføring av arbeidsoppgåvane.
4. Lukt av alkohol, og bakrus, blir sett på som påverking og er ikkje foreina med å vere på arbeid.
5. Bruk av narkotika og andre ulovlege stoff er uakseptabelt blant våre tilsette.
6. Tilsette som må bruke vanedannande medikament blir oppmoda til å ta opp med fastlege om medikament kan ha påverking på arbeidsoppgåvane. Dersom medikamentet kan påverke på arbeidet er tilsette oppmoda til å ta opp dette med nærmeste leiar.
7. Det er ikkje akseptabelt å bruke rusmiddel på fritida slik at det påverkar arbeidssituasjonen negativt, f.eks. i form av fråvær, at arbeidet ikkje blir utført tilfredsstillande, at kravet til tryggleik og kvalitet ikkje blir oppfylt, og/eller at det går utover Skjåk kommune sitt omdømme.
8. Ved representasjon, reiseverksemnd, deltaking på kurs og konferansar og andre arbeidsrelaterte anledningar, forventar vi at våre tilsette viser måtehald og ei åtferd som ikkje går ut over Skjåk kommune sitt omdømme. Tilsette er å betrakte som representantar for kommunen i slike samanhengar.
9. Ved bekymring eller brot på kjørereglane, har nærmeste leiar med personalansvar ansvar for å ta det opp med den det gjeld, og følgje opp vidare.
10. Skjåk kommune vil strekkje seg langt for å hjelpe tilsette som har eit problem med rusmiddel eller spel. Kommunen ynskjer ikkje å seie opp tilsette med rus- eller speleproblem utan at dei fyrst har fått eit tilbod om hjelp. Vi følgjer Akan sin metode: <http://akan.no/wp-content/uploads/2015/11/Veilederen2015.pdf> og malar for åtvaring og individuelle Akan avtaler: <http://akan.no/rus-og-avhengighet/maler/>

Verneombod

Verneomboda skal i lag med leiinga arbeide for eit rusfritt arbeidsmiljø. Verneomboda skal sjå til at leiarane ivaretak denne rutinen, og at dei tilsette blir møtt på ein sakleg måte.

Vidare skal dei motivere den einskilde til å søkje hjelp før brot på arbeidsreglement skjer.

Fyrste feilgrep eller mistak

- Leiar kallar den tilsette inn til ei samtale, det skal skrivast eit referat frå samtala som den tilsette skal bli gjort kjent med. Det kan vere aktuelt å gje ei åtvaring, denne skal vere skriftleg.

Andre mistak/feilgrep

- Leiar kallar inn til ny samtale. Etter andre samtale skal det gjevast ei åtvaring, og denne skal vere skriftleg. Den tilsette blir gjeve tilbod om Akan-avtale, dette kan vere i samarbeid med bedriftshelsetenesta. Alternativt vert saka handsama som ei personal-/disiplinärsak.

Tredje mistak/feilgrep

- Leiar gjev ny skriftleg åtvaring.
- Dersom den tilsette ikkje har avtale om oppfølging, eller seier nei takk til tilboden, vert saka vurdert som disiplinärsak som kan føre til oppseiing.
- Dersom det allereie finst ei avtale om oppfølging, vurderer ein om avtala skal avsluttast.
- Dersom ein avsluttar avtala om oppfølging, vil mistaket bli handsama som ei disiplinärsak som kan føre til oppseiing.

Alle åtvaringar, resultat av samtalar og anna utvikling i slike saker, skal takast vare på i den enkelte si personalmappe. Om den tilsette har avtale om oppfølging, og ein etter ei tid ser at tiltak har ført fram slik at ein avsluttar oppfølginga, skal det ligge ein dokumentasjon på personalmappa om at saka er avslutta.

Kjørereglane har vore drøfta i AMU 13.12.17.

Rådmann
Svein Holen

Hovudverneombod
Rita Lyngved